



Kvam herad  
Granvin herad  
Samnanger herad

Dato: 07.11.2017  
Vår ref.: 2017/15541-8  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.:

## Omlegging av takst- og rabattsystemet i Kvammapakken

Fylkesutvalet handsama 26.10.2017, sak 254/17,» Omlegging til nytt takst- og rabattsystem for bompengeprojekt i Hordaland –uttale», og gjorde mellom anna slikt vedtak:

*«Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Kvammapakken om å vurdera saka på nytt, og å gjera vedtak om omlegging til nytt takst- og rabattsystem innan året.»*

I den lokalpolitiske høyringa kom det fram at Kvam herad og Granvin herad ikkje ønskjer å leggja om takst- og rabattsystemet i Kvammapakken. Samnanger kommune vil leggja om til nytt takst- og rabattsystem, men ønskjer ikkje passeringstak.

Vi viser til at kommunestyret i Kvam i den lokalpolitiske høyringa har gjeve rådmannen i oppgåve å ta kontakt med fylkeskommunen for å avklara avbøtande tiltak. Passeringstak kan vera eit slikt avbøtande tiltak – sjå vedlagde brev frå Statens vegvesen Region vest frå 19.09.2017. Vedlagt følgjer også fylkesrådmannen sitt saksframlegg og vedtaket i fylkesutvalet.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Bjørn Inge Midtgård  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Omlegging av takst- og rabattsystemet for bompengeskilting i Hordaland
- 2 Saksframlegg med vedtak